

## *Sclerophoma* sp.

Soppsjukdom

Venche Talgø og Arne Stensvand, Planteforsk Plantevernet

venche.talgo@planteforsk.no

### Samandrag

I 2003 vart det funne store mengder sporehus og sporar av soppen *Sclerophoma* på visnande årsskot av vanleg gran i Vestfold og Rogaland. I 2004 vart det stadfesta *Sclerophoma*-angrep på nordmannsedelgran i Rogaland.

### Summary

In 2003, large numbers of *Sclerophoma* pycnidia were found in association with dieback on *Picea abies* in Vestfold and Rogaland in southern Norway. In 2004 the fungus was found on *Abies nordmanniana* in Rogaland.

### Vertplanter

I prosjektet "Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen" vart *Sclerophoma* funnen i store mengder på vanleg gran (*Picea abies*) i 2003 (Fig. 1). I oktober 2004 vart det også stadfesta at denne soppen fører til daude skot på nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) (Fig. 2 og 3). Soppen er truleg også utbreidd på fjelledelgran (*Abies lasiocarpa*), men det er ikkje sikkert stadfesta.



Fig. 1. Dei brune årsskota på denne grana var fulle av sporehus av *Sclerophoma*. Rogaland, august 2003. Foto: E. Fløistad

I Canada er *Sclerophoma* registrert på furu (*Pinus* spp.), douglas (*Pseudotsuga* sp.), edelgran (*Abies* spp.), gran (*Picea* spp.), hemlokk (*Tsuga heterophylla*), lerketre (*Larix* sp.) og tuja (*Thuja* sp.). I Austerrike er *Sclerophoma* vanleg på gran- og edelgranartar og vert sett på som eit relativt stort problem.

### Symptom og bilogi

*Sclerophoma* vert i litteraturen omtala ein svak parasitt som kjem inn etter til dømes

skade av frost, tørke, insekt, midd eller andre soppar. Når soppen har fått ein inngangsport, kan han gi danning av daude nåler og skot, og det kan dannast kreftsår. På daude nåler og skot veks det fram tett med mørke, små sporehus (Fig. 4). Sporehusa har ingen opning (ostiole), men sporane vert frigjorde når sporehusa vert slitne ned av vær og vind.



Fig. 2 og 3. Skade på nordmannsedelgran etter angrep av *Sclerophoma*. Rogaland, oktober 2004. Foto: V. Talgø



Fig. 4. Sporehus av *Sclerophoma* på ei død kvist av nordmannsedelgran. Foto: V. Talgø

### Tiltak

I utanlandsk litteratur er det ikkje tilrådd noko tiltak, men dette faktaarket vert oppdatert dersom det kjem inn nye opplysingar frå til dømes Austerrike. Truleg er det viktig å fjerna daude skrot før nyveksten tek til om våren. Utbreiing og skadeomfang bør også kartleggjast betre her i landet.

Revidert desember 2004

**Prosjektittel:** Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen (2001-2003)

**Finansiering:** SND, NGF, eigeninnsats

**Styringsgruppe:**

Harald Rømuld (prosjektansvarleg), Norsk Pyntegrønt

Inger Hilmersen, Norsk Gartnerforbund

Tønnes Straum, produsent

Terje Pundsnes (leiar for styringsgruppa), Pyntegrøntringen

Morten N. Andersen, Skogselskapet

Arne Stensvand (fagleg ansvarleg) og Venche Talgø, Planteforsk Plantevernet



ISBN 82-479-0446-2

